



Arkivnr: 2014/543-80

Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Øivind Rune Bjørkås, Ronny B Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		18.11.2014

### Tilskot til lokale kulturbygg 2014 - klagesaker

#### Samandrag

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta den 19.08.2014, om fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg 2014. Etter tildelinga i 2014 er det kome inn klager frå 3 søkjarar. Klagene er førebudde av kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2.ledd. Dersom kultur- og ressursutvalet ikkje fattar vedtak om omgjering, vert sakene sende Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd. Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinene for tildelinga av desse midlane.

#### Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Kvinnherad kommune – Kvinnherad kulturskulesenter: Fylkesrådmann tilrår ikkje meir tilskot frå fylkeskommunen
2. Os kommune – Os Seniorsenter: Avslag på søknad oppretthaldast
3. Osterøy kommune – Haus Mjeldalen Ungdomshus: Avslag på søknad oppretthaldast

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.10.2014**

**Bakgrunn**

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta den 19.08.2014, om fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg 2014. Etter tildelinga i 2014 er det kome inn klager frå 3 søkjarar.

Alle 3 klagene er kome inn innan fristen.

**Om ordninga**

Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Fylkeskommunen har det samla forvaltningsansvaret for spelemidlar til kulturbygg gjennom den desentraliserte ordninga for kulturbygg.

Klagene er førebudde av kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2.ledd. Dersom kultur- og ressursutvalet ikkje fattar vedtak om omgjerjing, vert sakene sende Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinene for tildelinga av desse midlane.

**Klagene:****Kvinnherad kommune – Kvinnherad kulturskulesenter**

Kvinnherad kommune søkte om tilskot på kr 1 000 000,- til Kvinnherad Kulturskulesenter. Kostnadssum på kr 58 109 000,-. Kvinnherad Kulturskulesenter vart ferdig i 2013. Dei satsar på kulturelle undervisningstilbod. Det er skreddarsydd for undervisning og framføring av musikk, song, dans, teater og visuell kunst.

Vurdering i vedtaket var: Prioritert som nr 3 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmann viser til avslag på same sak i 2013: «Hordaland fylkeskommune har hittil gjeve tilsegn totalt på kr 21 000 000,-. Fylkesrådmannen tilrår ikkje meit tilskot.» Fylkesrådmannen tilrår å oppretthalde dette.

**Tilråding: Avslag****Ny vurdering:**

Klagar meiner kommunen ikkje har motteke avslagsbrev for 2013, det er derfor ikkje klaga på slik avgjersle i førre søknadsrunde.

Klagar peikar på at dei 21 000 000,- er kompensasjonsmidlar. Desse midlane skal gå tilbake til kommunar som vart påverka av ordninga med diff. arbeidsgjevaravgift. Dei kan ikkje finne dokumentasjon på at dette er å sjå på som fylkeskommunale midlar. På bakgrunn av dette meiner klagar at Kvinnherad kommune verte ekskludert frå å søkja på andre fylkeskommunale midlar på bakgrunn av at prosjektet har motteke kompensasjonsmidlar. Kommunen var tidleg i prosessen i kontakt med fylkeskommunen og vert råda til å søkja på ordninga spelemidlar til lokale kulturbygg.

Klagar ber fylkeskommune ta grunngjeving for avslag opp til ny vurdering og opnar opp for at Kvinnherad kommune kan søkje på midlar til lokale kulturbygg for Kvinnherad kulturskulesenter i 2015.

Avslagsbrev vart sendt til Kvinnherad kommune 26. september 2013, protokoll frå møte i KURE har og vore tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune må til ein kvar tid ha total oversikt over kva for tilskot som vert gitt til dei forskjellige søkjarane. Alle søkjarar får einskapleg vurdering. Så når Kvinnherad kulturskulesenter får eit tilskot på kr 21 000 000,- frå fylkeskommunen, så svarar dette til 36% av finansieringa. Det er fylkeskommunen som forvaltar kompensasjonsmidlane. Difor tilrår fylkesrådmann ikkje meir tilskot frå fylkeskommunen.

Etter dette kjem fylkesrådmann til følgjande konklusjon:

- Klage vert ikkje tatt til fylge

### **Os kommune – Os Seniorsenter**

Os kommune søker om tilskot på kr 575 000,- til påbygg salong/heis. Kostnadssum på kr 1 724 000,-. Os Seniorsenter skal ha påbygg som inneheld salong og heis. Formål å samle pensjonistar og andre til daglege samkomer og skaffe lokalar til ymse aktiviteter og tiltak som drivast av eldre og for eldre.

Vurdering i vedtaket var: Prioritert som nr 2 av kommunen. Etter føresegner for lokale kulturbygg skal lokale være opne for alle. Fylkesrådmann finn ikkje å støtte tiltaket

Tilråding: Avslag

#### **Ny vurdering:**

Klagar meiner det ikkje kom fram tydeleg nok at Os Seniorsenter er eit lokalt kulturbygg som er tilgjengeleg for alle aldersgrupper, som ønskjer å leige lokale til eigne arrangement. Dei har ein del faste leigetakarar, både unge og eldre, som leigar lokala regelmessig: Os Bridgeklubb, Dansens Venner, Gladdansen, 8. mai arrangement, Den Internasjonale Eldredagen, Utleige til politiske parti og språkkurs for innvandrarakar.

Informasjon om Os Seniorsenter som eit lokalt kulturbygg opne for alle, kom ikkje fram av søknad. Søknad vart behandla etter dei kriteria som ligg i våre føresegn og informasjon som vart tilgjengeleg i søknad. Ut i frå prioritering som nr 2 frå Os kommune og manglande informasjon på søketidspunkt var det avslag. Ny informasjon har kome til i klagen, og Os Seniorsenter kan sende ny søknad i 2015.

Etter dette kjem fylkesrådmann til følgjande konklusjon:

- Klage vert ikkje tatt til fylge

### **Osterøy kommune – Haus Mjeldalen Ungdomshus**

Mjeldalen Ungdomslag søkte om tilskot på kr 308 000,- til tilbygg av Mjeldalen Ungdomshus. Kostnadssum på kr 3 013 000,-.

Vurdering i vedtaket var: Har fått tildelt totalt kr 692 000,- i 2012 og 2013. Fylkesrådmann tilrår ikkje meir støtte til dette tiltak, da det er mange søkjarar.

Tilråding: Avslag

#### **Ny vurdering:**

Klagar meiner det gjennom tildelingar i 2012 og 2013 er blitt forespeila at dette er eit prosjekt ein støttar opp om, men at heile tildelinga ville gå over tre år. For aktivitet i ungdomslag, og for kontinuitet i byggearbeid er det svært uheldig å no måtte stoppe opp for å evt. å vente på tildeling i 2015. Mjeldalen Ungdomslag ynskjer det resterende beløpet på kr 308 000,- som tildeling for 2014. Mjeldalen Ungdomslag er den einaste søkeren frå Osterøy kommune og aktivitetar og arrangement samlar born, ungdom, vaksne og seniorar frå heile Osterøy.

Alle søkjarar får tilsendt standard brev om avslag/tildeling. I desse breva står det ingen ting om vidare tildeling. Tilskot fordelast utifrå ein årleg tildeling. Tildeling på kr 692 000,- til Mjeldalen Ungdomshus er på nivå med tilsvarande prosjekter.

Etter dette kjem fylkesrådmann til følgjande konklusjon:

- Klage vert ikkje tatt til fylge